



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Blåfall AS
Parkveien 33 b
0258 OSLO

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		117641/2017/S11	Kristoffer Dahle, 71 28 03 29	15.09.2017

Vestnes kommune - Urdelva Kraftverk - krav om arkeologisk registrering

Vi viser til synfaringa på Vestnes 12.09.2017, samt til tidlegare korrespondanse i saka.

Vi vurderer delar av rørgatetraséen til å ha potensial for automatisk freda kulturminne, særleg knytt til tidleg seterbruk og gamle ferdsléarar i utmarka. Traséen kryssar området kalt Gamlestølen, der vegetasjonen indikerer eldre bruk. Det er også noko uklart kvar den gamle holvegen (ID 149476) fortset opp mot fjellet i aust. For å avklare dette forholdet vil vi stille krav om ei mindre arkeologisk registrering, jamfør § 9 i Kulturminnelova (KML).

Vi vil ikkje gå mot ein eventuell konsesjon, men rår til at registrering vert gjennomført så tidleg som muleg i detaljplanleggingsprosessen. Eventuelle funn kan få innverknad på om korleis tiltaket kan gjennomførast.

Vi gjer merksam på at tiltakshavar må dekkje utgiftene ved ei slik undersøking, jamfør KML §§ 9 og 10. Kulturavdelinga ber om skriftleg aksept på vedlagte budsjett, i tråd med nye nasjonale retningslinjer for budsjettering av slike arkeologiske registreringar. Budsjettet er eit maksimumsbudsjett. Vesentlege uforutsette forhold kan gje grunnlag for utarbeiding av nytt budsjett.

Vi minner om at det vert fakturert med timepris for det året registreringa er gjennomført, sjølv om budsjett er satt opp med timepris for eit tidligare år. Dei nye satsane gjeld frå 19.6.2017.

Alle korrespondanse skjer elektronisk, også utsending av arkeologisk fagrapport. Skulle det vere ønske om å få tilsendt den arkeologiske fagrapporten i papirutgåve, må dette etterspørjast. Vi ønskjer også å vite om eventuelle motforestillinger om at rapporten eventuelt kjem på engelsk

Ved tinging og aksept av budsjett vert det føresett at tiltakshavar klarerer forholdet til grunneigarar, brukarar og eventuelt andre omsyn. Vi ber også om riktig namn og adresse på mottakar av faktura.

Med helsing

Kristoffer Dahle
rådgivar

Kopi:
Norges vassdrags- og energidirektorat Postboks 5091 Majorstua 0301 Oslo
Vestnes kommune Rådhuset 6390 Vestnes